

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Buskerud.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gol.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Öygardane.

Oppskr. av: H. J. Bakken,

Gard: Bakken.

(adresse): Gol.

G.nr. 29 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigen røynsle, og etter det eg har høyrt fortalt av eldre folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i bygda heiter det "bryne" (eit) og "å bryne". Namnet "hein" eller nokon annan nemning er ikkje kjend her

2. Dei bryner som var ibruk her til for kring 40 år sidan eller vel det var berre av naturstein - steinbryne - seinare kom det ibruk ogso bryner av kunststein.

Av steinbryner var det serleg tvo slag, vanlege grå og nokon brune - brændte bryner - . Desse var og av naturstein; men det vart sagt at dei var brændte på ein eller annan måte.

Kvar steinbrynerne kom frå veit ingen no. Dei vart vanleg kjøpt frå Lærdal i Sogn eller frå Drammen - "Branæs" i gamall tid. Her i bygda er ikkje stein som er skikka til bryner.

3. Reidskap og verkty blir no først slipt på rund slipestein, og kvest etterpå med brynet for å få reinare egg.

4. Runde slipesteinar har nokk ikkje vore ibruk so svert langt attende i tida. Bestemor mi - född på Böygard i Ål herad 1821 - fortalde at dei tynte ljå og sjyru i smia då ho var smågjente, og at det truleg var i bruk endå ei tid framover. Noko liknande skulde det vore her i Gol. Å tidfeste nøgje når den runde slipesteinen kom ibruk er ikkje so lett, og det gjekk vel , som so mykje anna, litt om send.

Å tynne ljå var ikkje so liketil arbeid. Det var visse smear som hadde det arbeidet, og dei vart då kjende for å laga meir eller mindre gode "tynningar" som dei kalla dei ljåane. Det vart bruka ein ambolt som måtte ha mest mogeleg flat bane. (Eg meiner å ha høyrt dei vart kalla "dragslested". Det var mest om våren före slåttten det var vanleg å tynne ljå.

5. Har for lenge sidan av gamle folk høyrt nemnt at det för i tida vart bruka ein flat brynestein, som låg stille, til å kvessa reidskap på. Nokon tidfesting for dette har eg ikkje kunna få, heller ikkje namn på steinen.

No blir det, serleg av handverkarar, bruka fine, mindre oljebryner til verkty som skal ha serleg fin egg. Til desse bryner brukar ein gjerne olje.

Til ljå, öksar o.l. brukar ein vanleg slipestein og vanlegt bryne. Ein vanleg slipestein til gardsbruk er ganske tung og har sin faste plass på garden, og gjerne ein på sateren.

2

6. Det er vanleg i slåtten å slipe ljåen kvar gong slåttekarane er inne "til måls" (matkvild). Det vart för rekna för å vera dårleg slåttekar dersom han måtte slipe oftare. Han kunde ikkje "halde ljåen sin" som dei sa.

7. Dei bryner ein brukar til ljåen kan vera av fleire slag, t.d. vanlegt steinbryne eller bryne av kunststein. Der det er stein i slåtten, so ein får "steinhogg" i ljåen, blir det no mykje bruka carborundum eller liknande stöypte bryner. Desse er skarpere og soleis raskare å bryne "atti" steinhogg med.

Eg har berre ved eit einskildt höve sett det har vore bruka "brynestikke" av hard björk. Denne var ikkje på-smurt noko, og kunde sjölvsagt brukast berre der det var steinfri slått.

8. Her i bygda tek dei alltid ljåen av orvet under slipinga. Dei held alltid egga mot seg når dei sliper.

9. Under bryninga set slåttekaren orvepiggen i marka, den andre enden - med ljåfestet - opp under vinstre armen, og stör so ljåen med vinstre handa under bryninga.

Stutturv er ikkj i bruk her i bygda, men med den går bryninga annleis för seg.

10. Til steinbryne brukast vatn. Diför blir det bruka "brynebutt" (ein) til å ha vatnet og bryne i. Brynebutten er för det meste laga av tre, uthola av eit stykke, og helst surra fint med smale neverremser utvendig so han ikkje skal sprekke. Det har vore om å gjera at brynebuttane var nett og fint laga, og at dei var lette.

11.12.13 Har höyrt at det i gamall tid stundom vart bruka eit uksehorn til å bera brynet i. Noko meir har eg ikkje höyrt om det. Brynebutten ber ein her bak på lenda.

Til carborundum o.l. bryner brukar ein ikkje nokon vete, dei stikk ein berre i lomma.

14.15.16. Det mjölet eller grumset som vart etter bryning med steinbryne kalla dei för "bryneaur". Det skulde stundom vorte bruka til å smörja på ringorm og andre småsår. För noko anna har eg ikkje höyrt det har vore nytta.

17. Det har vore ei gamall meining at eit steinbryne som var för hart kunde bli betre dersom ein gröv det ned i ei maurtuve eit årstid.

18.19.20. Har ikkje höyrt om nokom rämser eller liknande i samband med brynet eller bryninga.